



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 03.03.21.

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: **Tysdag 02.03.2021.**
Møtetid: **Kl. 18.30- 20.30**
Møtestad: **Heime hos Margunn i Øvre Amla 13**

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrivar 3) Margunn Lomheim, medlem 4) Terje Hauståker, kasserar , 1 vara) Inger Johanne Talle, Kathrine Valle - sokneprest

Fråfall: May Kristel Bødal, nestleiar, Marie Bukholm, medlem

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen ved Kathrine

Sakliste:

Sak 09/21 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 02.02.21.

Godkjent

Sak 10/21 Presentasjon av takkebrev til Karen Dalaker og Anders Bjørk som tekstlesarar

Einar og Margunn har utforma takkebrev personleg etter malen frå kyrkjekontoret, og overrekt til Karen og Anders. Dei har vore tekstlesarar frå 2004.

Brev vil vere ein god mal som kan brukast for å utforme framtidige takkebrev til frivilljuge i soknet. Einar sender det til medlemene i rådet samt kopi til diakon Gitte.

Sak 11/21 Gudstenesteplan og møteplan for SR frå 01. mars og ut juni 2021.

Sjå vedlagt plan for meir detaljar!

7/3: Kveldsgudsteneste kl. 1930
16/3: Årsmøte/kyrkjelydsfest
21/3: Gudsteneste og to dåpsgudstenester
23/3: Fasteaksjonen
2/4: Pasjonsgudsteneste langfredag
5/4: Høgtidsgudsteneste 2. påskedag
13/4: Soknerådsmøte
18/4: Gudsteneste, påskefest for alle
2/5: Kveldsgudsteneste kl. 1930
4/5: Vårdugnad på kyrkjegarden 1730
13/5: Konfirmasjonsgudsteneste Stedje Kyrkje kl. 1000 og 1230
17/5: Gudsteneste kl. 1045, kan bli ute
13/6: Gudsteneste m/50 og 51 års jubilarar

Konfirmasjon den 13 mai i Stedje Kyrkje kan bli utsett til 21. august.

NB! Sondag 21.mars deltek konfirmentar på gudstenesta og fortel om Fasteaksjonen. I samråd med Andreas og Kathrine vil då offergåva gå til Fasteaksjonen. Ynskjer at innbetaling skjer til Soknerådet på VIPPS nr.106852 slik at me får registrert summen, og så sender kasserar pengane vidare til Kirkens Nødhjelp sin konto: 1594 22 87493.

Sak 12/21 **Klargjering av årsmelding og rekneskap for 2020 – frist 12. mars.**
Årsmøte/kyrkjelydsfest bør haldast i mars, framlegg om ny dato tysdag 16.mars.
Omsyn til nye smittevernreglar frå 23.02. gjer at me må venta litt med kvar me kan vera. Digitalt møte er ei løysing, eller me kan leggja årsmelding og rekneskap inn på kyrkja si nettside?

Ein drøfta alternativa for gjennomføring av møte. Ein har tinga bedehuset, og innanfor smittevernreglane som gjeld i dag kan ein gjennomføre møte med arrangørane og 10 deltakarar.

Konklusjon: Ein fastsette ny dato for årsmøte til 16 mars kl. 1900. Einar og Rasmus gjer ferdig årsmeldinga når rekneskapen ligg føre, og det blir lagt inn på kyrkja si nettside. Møtet blir gjennomført med inn til 10 deltakarar som kan melde seg på via kyrkjekontoret si påmeldingsside, og soknerådet som arrangørar. Einar ordnar med plakater og lenke til påmeldingssida. Soknerådsmedlemmene møter kl.1830.

Møtet blir utan loddsal og servering. Margunn og Inger Johanne tek med kaffe. Einar tek med beger og twistpose.

Sak 13/21 **Innkjøp av nye benkar på kyrkjegarden er diskutert med kyrkjekontoret 22.02. Har fått klarsignal til innkjøp. Vil presentera framlegg til type benkar frå Sogneprodukt i Balestrand, pris m.m. Må gjera endeleg vedtak på om me går for dette.**

Einar har fått tilbud frå Sogneprodukt på benkar, som blei vist i møtet. Kostnaden er kr. 2500,- pr benk pluss beising kr.1000,- per benk og 500,- i frakt. I alt 5 benkar. Levering lova innan 1.mai.

Konklusjon: Ein vedtok å bestille desse benkane. Dei må vere beisa i brunfargen til kyrkja. Einar ordnar bestillinga, og rekninga vert sendt til fellesrådet.

Sak 14/21 **Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp er fastlagt til 21 – 23.mars som ein digital innsamlingsaksjon samt dør-til-døraksjon. Har tidlegare år hatt samarbeid med konfirmantane. Kva skal me satsa på i år?**

Ein diskuterte om det er tilrådeleg å ha dør til dør- innsamling i år, og involvere konfirmantane. Ein har merka seg at andre organisasjonar ikkje har hatt dør- til dør-aksjonar.

Konklusjon: Ein ønskjer framleis ikkje å ha dør- til dør aksjon slik koronasituasjonen er. Ein vil heller gjennomføre ein aksjon med å legge brosjyre i postkassane med VIPPS-nummer, SMS og kontonummer slik det vart gjort i fjor. Kathrine sjekkar med konfirmantane om dette er noko dei ønskjer å delta på, og gir tilbakemelding til Einar. Katrine bestiller 35 hefte med infobrosjyrar, i alt 700 brosjyrar, på kyrkjekontoret. Ein fordeler roder når ein er samla i samband med årsmøtet.

Sak 15/21 **Orienteringssaker:**
a) Framlegg om dugnad på kyrkjegarden tysdag 4. mai kl.17.30. Det er teke inn på møteplanen
b) Dato for konfirmasjon er diskutert – stemning for 13.mai og evt 15.mai på våren. Alternativt 21.august i Stedje kyrkje for alle. Ser på epost frå Andreas Danbolt om saka. Blir endeleg bestemt etter møte med konfirmantforeldra
c) Plakatvandring på kyrkjegarden er mogleg også i år. Einar og Terje monterer palmelaurdag, eller alternativt veka før viss skulen gir melding om at dei kjem til å ha påskegudstenester. Ein ønskjer ikkje å utvide tal plakatar i år.

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke
Skrivar

Einar Skeie
leiar